

## **BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF**

**Protokoll nr. 07/18**

**Møte 03.12.2018**

Tilstades: X

**Medlemmer:**

- X Ingrid Løset, leiar
- X Ann Helene Skare, nestleiar
- X Atle Tangen
- X Hilde Marie Kleiven
- Anne Grete Mogstad
- Asbjørn Ringdal Gausdal
- x Torill Bøe
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand

**Varamedlemmer:**

- X Daniel Ask
- Ann Elida Solheim
- X Anton Iversen

**Administrasjonen/Stab:** adm.direktør Espen Remme  
Marianne Ensby Gravem, sekretær

**Andre:**

Lena B. Waage (forhandlingsutval), Britt V. Tyrholm (følgjeperson) og Torstein Hole (operasjonalisering av utviklingsplan)

Møtet i Brukarutvalet vart holdt på Styrerrommet (Storhornet) i Ålesund og starta kl. 10:00.

Asbjørn R. Gausdal og Anne Grete Mogstad forhindra frå å møte, vara innkalt.

Leiar Ingrid Løset leia møtet og ønska alle velkomen.

Følgjande saker vart behandla:

**BU 57/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste samt underskrift av protokoll nr. 06/18 frå møte 23.10.18.**

*(utan saksframlegg)*

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 03.12.2018.

**Protokoll:** Leiar har innspel om sak BU 62/2018 om styresakene om korleis vi kan handtere saka best mogleg med tanke på at det kanskje er behov for å splitte opp saka og ta ut ein og ein sak og diskutere.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 03.12.2018.

Protokoll nr. 06/18 som vart godkjent i møte 23.10.18, vart underskriven av brukarrepresentantane.

**BU 58/2018 Orientering frå adm. direktør**

**adm.direktør Espen Remme informerte om:**

- Styresaker
  - Ønskjer tilbakemelding frå brukarutvalet på kva BU er oppteken av og kva innspel medlemmane får frå sine miljø
- Gjennomgang av den økonomiske situasjonen i HMR og budsjett for 2019
- Kort om status for SNR, m.a. om medverknad og involvering
- Orienterte om Perspektivmeldinga som m.a. drøftar viktige utfordringar for norsk økonomi og for vidareføring av dei norske velferdsordningane i eit langsiktig perspektiv. I dette ligg også stigande forventningar til produktivitet og kvalitet i helsetenestene for dei same ressursane.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå adm.direktør til vitande.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå adm.direktør til vitande.

**BU 59/2018 Orienteringssaker**

- Utviklingsplanarbeidet – operasjonisering for eit berekraftig HMR v/ Torstein Hole.
- Forhandlingsutvalet for revisjon av samhandlingsavtalen v/Lena B. Waage
- Retningsliner for følgjepersonar v/Britt Valderhaug Tyrholm
- Regionalt nettverksmøte for BU v/leiar Ingrid Løset

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringssakene til vitande.

**Protokoll:**

- Innspel til forhandlingsprosessen for revisjon av samhandlingsavtalen frå brukarutvalet skal formulerast og spelast inn til forhandlingsutvalet. Det gjeld blant anna å melde ei forventning om at arbeidsgruppene og fagråda utnemner brukarrepresentantar.
- Brukarutvalet har fått orientering om retningslinene for følgjepersoner. Ein tar orienteringa til vitande og legg ved dei retningslinene som vert praktisert i Møre og Romsdal. Svarbrev vert sendt til SAFO.
- Brukarutvalet fekk utdelt to variantar av «7 råd til helsepersonell» kor brukarutvalet vert bedt om å komme med ønskje om kva for ein av dei som føretrekkast. Det var innspel på at skrifttypa var tynn og versjonen utan prikkar mellom punkta er å føretrekke. Innspel vert sendt til Tyrholm.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringssakene til vitande.

**BU 60/2018 Munnleg orientering frå møter i råd og utval HMR.**

Ingrid Løset, Anton Iversen (sjukehusapoteka), Atle Tangen (FFO) og Ann Helene Skare deltok på regional brukarkonferanse i Stjørdal. Dei opplever at desse møtene er gode i innhald og kvalitet.

Ann Helene Skare og Ingrid Løset har delteke på regionalt nettverk for brukarutvala i Helse Midt-Norge.

Ann Helene Skare og Atle Tangen har delteke på lokalt samhandlingsutval i Molde, og viser til presentasjonar som informative.

Jakob Strand har delteke på lokalt samhandlingsutval i Volda.

Daniel Ask har delteke i forskingsutvalet i helseføretaket (FU).

Inger Nossen Sandvik deltar på lokalt samhandlingsutval i Ålesund og på rehabiliteringskonferansen.

Ingrid Løset har delteke på dialogmøtet mellom kommunane og helseføretaket 1. november.

Ingrid Løset og Hilde Marie Kleiven på KPU og KEK.

Ann Helene Skare har vært på Soria Moria på seminar om KEK.

Ann Helene Skare har vore på Overordna Samhandlingsutval som vara for Ingrid Løset.

Ann Helene Skare har deltatt på møte om Barn som pårørande og Barneblikk.

**Innstilling:**

Brukarutvalet tek den munnlege orienteringa til vitande.

**Vedtak:**

Brukarutvalet tek den munnlege orienteringa til vitande.

**BU 61/2018 Referatsaker (utan saksframlegg)****Innstilling:**

Brukarutvalet tek referatsakene til vitande.

**Vedtak:**

Brukarutvalet tek referatsakene til vitande.

**BU 62/2018 Styresakene**

Følgande innspel er ønska å ta med inn i styremøte:

- Brukarutvalet ser at Helse Møre og Romsdal står føre store utfordringar.
- Brukarutvalet føreset at eventuelle endringar ikkje vil gå utover kvaliteten på pasientbehandlinga.
- Innspel til statusrapporten for oktober; Brukarutvalet synest det er gledeleg at ventetidene ved BUP er gått ned.
- Innspel til operasjonaliseringa av utviklingsplana
- Innspel til budsjett 2019

**Vedtak:**

Ingrid Løset tek med seg innspela frå brukarutvalet, knytt til styresakene, til styremøtet 4. desember 2018.

1. Brukarutvalet tek orienteringa om styresakene til vitande
2. Brukarutvalet ser at det er naudsynt å gjera omstillingar i Helse Møre og Romsdal for å få ei berekraftig utvikling.
3. Brukarutvalet føreset at pasientbehandlinga, pasientsikkerheita og kvaliteten på behandlinga blir vidareført.
4. Brukarutvalet føreset at vi blir teken med i prosessen om operasjonalisering av utviklingsplana, fram til endeleg framlegg for styret i februar 2019.

**BU 62/2018 Eventuelt**

1. Spørsmål frå Jakob Strand; kva vert gjort for å rekruttere og behalde helsepersonell i Møre og Romsdal fylke?
2. Val av representant til arbeidsgruppe for planlegging av fagdag knytt til habilitering for barn og unge.
3. Representant saman med Ingrid Løset på styremøtene 2019, mars og mai.

**Vedtak:**

Brukarutvalet tek saka opp tidleg i 2019 og får nokon til å orientere om kva som vert gjort.

Inger Nossen Sandvik blir meldt inn som brukarstemme i dette arbeidet.

Atle Tangen deltek på styremøtet 27. mars og Ann Helene Skare deltek 15. mai.

**BU 63/2018 Godkjenning av protokoll nr. 07/18 frå møte 03.12.2018.**Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 07/18 frå møte 03.12.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 07/18 frå møte 03.12.2018.

Neste møte er 18. februar 2019

Møtet slutt kl. 14:35

---

 Ingrid Løset

---

 Ann Helene Skare

---

 Daniel Ask

---

 Atle Tangen

---

 Anton Iversen

---

 Torill Bøe

---

 Jakob Strand

---

 Hilde Marie Kleiven

---